



**DEN NORSKE KYRKJA**

Stord sokneråd

Stord sokneråd gjorde dette vedtaket i møte 28.10.14:

«Hovudsaka for denne høyringa er verksemdas overdraging frå stat til kyrkje, forklart som eit nytt rettssubjekt.

Stord sokneråd er oppteken av å styrkje soknet som grunneininga i Den norske kyrkje. Det er viktig at det sentrale rettssubjektet i Den norske kyrkja ikkje svekker sjølvstendet til soknet. Det er også viktig at det er nok prestar og andre tilsette i soknet og at det er gode arbeidsvilkår for desse. Ved å lovfesta soknet sin rett til prest stadfester vi den grunnleggande strukturen i kyrkja slik han er i dag. Dette vil vera avgjerende for at vi fortsatt kan ha ei landsdekkande folkekyrkje. Ei slik bestemming i kyrkjelova stadfestar og kommunen si plikt til å finansiera den lokale kyrkja. Stord sokneråd vil og framheva at det er viktig at staten sine overføringar til Kyrkjerådet held fram som i dag. Storleiken på desse overføringane blir då eit politisk spørsmål frå til år.

Det er viktig at bispedømerådet fungerer som arbeidsgjevar slik det er idag då det sikrar at det ikkje blir for små einingar, og biskopens tilsyn blir oppretthaldt på ein god måte.

Reformer tyder ofte meirkostnad. Stord sokneråd ber difor staten om å finansiere meirkostnaden i samband med innføring av reformen.

I høyringsutkastet understrekes at Den norske kyrkje framleis skal vere ei landsdekkjande folkekyrkje. Difor vil medlemsavgift som mulig økonomisk konsekvens ikkje vere i samsvar med ei folkekyrkje. Stord sokneråd går difor inn for at dei økonomiske rammene gir fullfinansiering når det gjeld drifta av sokna»

sign.

Addy Anne Frisnes Langeland  
soknerådsleiar

  
Liv Bodil Østang  
driftsleiar/sakshandsamar